



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

NVE

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Karin Thauland</b>		<b>2018/447-11</b>		<b>18.10.2018</b>

## **Særutskrift - Vindkraftutbygging - Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Kvinnherad formannskap hadde saka føre i møte 11.10.2018 som sak 2018/68.  
Vedlagt følger utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland  
*Møtesekretær*

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Karin Thauland  
Anbjørn Høivik

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

**Saksbehandlar**

2018/447-8

Karin Thauland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2018/68	Formannskapet	11.10.2018

## Innspel til NVE om nasjonale interesser i samband med vindkraftutbygging

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad formannskap syner til saksutgreiinga og rår til at det vert teke omsyn til denne informasjonen i det vidare arbeidet med kartlegginga av nasjonale interesser i samband med vindkraftutbygging.

### Behandling i Formannskapet den 11.10.2018

Brev frå Kvinnherad Turlag vart sendt ut til formannskapet i forkant av møte.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ ORDFØRAR:

Pkt.1: som innstillinga (tilføya *vesentleg* før omsyn til...)

Pkt.2: Kvinnherad formannskap bed på bakgrunn av ovannevnte at dei aktuelle områda i Kvinnherad vert tekne ut av plan for nasjonal ramme for vindkraft på land.

Røysting:

Punkt 1 – samrøystes vedteke.

Punkt 2 – 7 røysta for, 2 røysta mot(O. Lemicka og S. Ulvenes) – vedteke.

### Vedtak frå Formannskapet den 11.10.2018

- Kvinnherad formannskap syner til saksutgreiinga og rår til at det vert teke vesentleg omsyn til denne informasjonen i det vidare arbeidet med kartlegginga av nasjonale interesser i samband med vindkraftutbygging.***
- Kvinnherad formannskap bed på bakgrunn av ovannevnte at dei aktuelle områda i Kvinnherad vert tekne ut av plan for nasjonal ramme for vindkraft på land.***

### Saksutgreiing:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utarbeider ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

Frist for innspel til dette arbeidet er til 20.10.2018.


NVE spør i denne omgang om fagleg informasjon av overordna karakter. Dette er såleis ikkje ei generell høyring. Olje- og energidepartementet (OED) vil i etterkant av oversendinga frå NVE gjennomføre ei høyring med høve til politiske innspel og generelle synspunkt. Det vert også arrangert møter om den nasjonale ramma.

I arbeidet med å identifisere dei områda som er mest egna til vindkraft har NVE lagt til grunn ein metode med eksklusjon av areal. Med «hard eksklusjon» er meint areal som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk/økonomiske forhold, eller på grunn av formelt vern eller tilsvarande.

Med «mjuk eksklusjon» er meint areal der verknader for éi enkeltinteresse i mange tilfelle tilseier at det ikkje bør byggast vindkraftverk.

På dette stadiet i arbeidet har NVE ringa inn 43 analyseområde. Den endelege rapporten skal ende opp med 15 område.

I Hordaland er det fire slike analyseområde og tre av dei dekker areal i Kvinnherad. Kartet under viser dette.



Rådmannen forventar at NVE sjølv hentar inn opplysningar om regionale og nasjonale verdiar og interesser, og fokuserer difor på i det vidare på informasjon og opplysningar av lokal karakter. I denne samanheng er Kvinnherad kommune si kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde (2016) svært sentral. Etter måten vart det gjennomført ei grundig kartlegging av område for brukt til friluftsliv og sett verdi på desse ut frå områdetype, tilgjenge, bruk osv. Dette datasettet ligg tilgjengeleg i kommunen sin kartportal [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com) og er også del av den Miljødirektoratet sin nasjonale kartportal Naturbase.

Kvinnherad kommune sin klima og energiplan er frå 2011 og skal rullerast i nær framtid. Vindkraft er nemnd i gjeldande plan der det er kommentert at landbaserte vindkraftverk har eit relativt høgt konfliktnivå.

På oppdrag frå Kvinnherad kommune er firmaet Greensight er i ferd med slutføre ei energikartlegging i kommunen. Rapporten ligg føre i utkast og nemner vindkraft som mogleg energikjelde i Kvinnherad, men utan å trekke dette fram som ei aktuell satsing.

Med omsyn til naturfarekartlegging, har NVE oversyn over all gjennomført registrering.

I dei følgjande avsnitta er det gitt opplysningar om dei tre aktuelle analyseområda.

### **Analyseområde 15:**


I område 15 er mykje av arealet plassert i harde og mjuke eksklusjonssoner. Arealet dekker den søre delen av fastlands-Kvinnherad med fjellområda ved Husnes, Uskedalen, Matre, Åkra og Blådalsområdet.

I dette området ligg Fjellhaugen Skisenter med alpinanlegg og ljosløype – det einaste anlegget av sitt slag i Sunnhordland. Området kring Ulvanåsa er eit alpint fjellandskap, og her ligg ein av Noreg sine beste storveggar for fjellklatring, etter kvart også godt kjent i utanlandske klatremiljø. Dette området er klassifisert som eit særleg kvalitetsområde.

Andre viktige friluftslivsområde i dette analyseområdet er:

- Fjellområdet kring Manen, Englafjell og Mjelkhaug.
- Fjellområdet kring Mannsvatnet.
- Fjellområdet på austsida av Matersfjorden (Håfjell – Reikatindane – Ingastølen) og fjellområdet frå Vardafjell til Møsevatn.





Figur: Kartlagde og verdisette friluftslivsområde i analyseområde 15


### Analysesområde 16:

Det meste av dette arealet er plassert i harde og mjuke eksklusjonssoner med unntak av eit areal nord på Fjelbergøy og vest på Borgundøy og moglegvis Bogsnes.

Halsnøy, Borgundøy og Fjelbergøy har viktige kulturminne, m.a Halsnøy kKloster og Fjelberg Prestegard, og aktivt reiseliv. Husnes er eit handelssentrum med skular.

Viktige friluftslivsområde i dette analyseområdet er:

- Nord ved Sæbøvik (Toftåsen og Stormyra).
- Nordleg del av Fjelberg
- Nordleg del av Borgundøy
- Åsgardsvika - Husnes.




Figur: Kartlagde og verdisette friluftslivsområde i analyseområde 16

### Analysesområde 17:

Kvinnherad sin del av dette analyseområdet ligg i utkanten av Folgefonna Nasjonalpark og er eit mykje nytta turområde.

Viktige friluftsområde i dette analyseområdet er:

- Fjellområdet over Gjerde og Sundal, like vest for den nordlege delen av Folgefonna.



Figur: Kartlagde og verdisette friluftslivsområde i analyseområde 17

### Miljømessig konsekvens:

Bygging av vindkraft på land vil få konsekvensar for miljøet med tanke på støy, inngrep i naturen i form av master og vegbygging og fuglelivet. I denne omgang er det berre ei kartlegging som ikkje får konsekvensar for miljøet

### Tilråding:

Kvinnherad kommune syner til omtalen og bed om at det i det vidare arbeidet vert teke omsyn til dei momenta som det her er peika på.

Vedlegg: 2 skriv frå NVE og 2 kart over kvart område